


Mosby 17.01.2017


Bibelen



Guds B-
vitaminar



2Tim 3:14-17 «Men bli du verande i det du har lært og er overtydd om. For du veit kven du har lært det av, ¹⁵ og heilt frå barndomen kjenner du Dei heilage skriftene, som kan gjera deg vis til frelse ved trua på Kristus Jesus. ¹⁶ Heile Skrifta er innanda av Gud og nyttig til lærdom, til overtyding, til rettleiing, til oppseding i rettferd, ¹⁷ så Guds menneske kan vera fullkome, dugande til all god gjerning».



«...heilt frå barndomen kjenner du Dei heilage skriftene ...»

1.Mosebok 18:18-19 «*Abraham skal då verta eit stort og mektig folk, og i han skal alle ætter på jorda verta velsigna. Eg har valt han ut for at han skal byda borna sine og huset sitt etter seg at dei skal fylgja Herrens veg og gjera rettferd og rett, så Herren kan la Abraham få det han har lova han*».

5.Mosebok 6:6-7 «*Desse orda som eg byd deg i dag, skal du gøyma i hjarta ditt. Og du skal prenta dei inn i borna dine. Du skal tala om dei når du sit i huset ditt, når du går på vegen, når du legg deg, og når du står opp.*»




Gud skaper ved sitt ord.


1.Mosebok 1:1-3 «I opphavet skapte Gud himmelen og jorda. ² Og jorda var aud og tom, mørker låg over det store djupet, og Guds Ande sveiv over vatna. ³ Då sa Gud: Det verte lys! Og det vart lys».

Guds ord er eit livgivande ord.

Esek 37:1-10 «Herrens hand kom over meg og førde meg ved Herrens Ande ut og sette meg midt i dalen. Han var full av bein. ² Han førde meg rundt ikring dei, og sjå, dei låg der i store mengder utover dalen, og dei var heilt tørre. ³ Han sa til meg: Menneskeson! Skal desse beina verta levande? Eg svara: Herre Herre, du veit det! ⁴ Då sa han til meg: Profeter om desse beina og sei til dei: De tørre bein, høyr Herrens ord! ⁵ Så seier Herren Herren til desse beina: Sjå, eg lèt det koma ånd i dykk, og de skal verta levande. ->




⁶ Eg vil leggja sener på dykk og la det koma kjøt på dykk og dekkja dykk med hud og gje dykk ånd, og de skal verta levande. Og de skal kjenna at eg er Herren. ⁷ Og eg profeterte slik som eg var pålagd. Medan eg profeterte hørde eg ein sterk lyd. Han vart til ein larm, og beina nærma seg til kvarandre, kvart bein til sitt bein. ⁸ Og eg såg, og sjå: Det kom sener og kjøt på dei, og utanpå drog det seg hud over dei. Men ånd var det ikkje i dei. ⁹ Då sa han til meg: Profeter og tal til Anden! Profeter, menneskeson, og sei til Anden: Så seier Herren Herren: Kom, du Ande, frå dei fire vindar og blås på desse drepne mennene, så dei kan verta levande! ¹⁰ Eg profeterte slik som han hadde bode meg. Og Anden kom i dei, og dei vart levande og reiste seg på føtene – ein stor, ein overlag stor hær.



Bibelen – det profetiske ord

2.Pet 1:19-21 «Og dess fastare har vi profetordet, som de gjer vel i å akta på. Det er som ei lampe som lyser på ein mørk stad, til dagen lyser fram og morgonstjerna går opp i hjarto dykkar. ²⁰ For fyrst og fremst veit de dette, at ikkje noko profetord i Skrifta er gjeve til eiga tyding. ²¹ For aldri har noko profetord vorte til ved menneskevilje, men dei heilage Guds menn tala drivne av Den Heilage Ande».

Jes 41:21-24 «Kom hit med saka dykkar, seier Herren. Kom fram med dykkar grunnar og prov, seier Jakobs konge. ²² Lat dei koma fram med dei og kunngjera for oss det som skal henda! Fortel oss om det som har vore, så vi kan leggja merke til det og læra kva utgangen vert! Eller lat oss få høyra om det som skal henda! ²³ Kunngjer kva som skal koma heretter, så vi kan vita at de er gudar! Ja, gjer noko godt eller noko vondt, så vi kan sjå det alle saman og undrast! ²⁴ Sjå, de er ingenting, og verket dykkar er ingenting! Ein styggedom er den som vel dykk».



Bibelens sjølvvitnesbyrd:

Sal 12:7 «Herrens ord er reine ord, liksom sølv som er lutra i ein smelting i jorda – sju gonger reinsa.»

Sal 119:89 «Til evig tid, Herre, står ditt ord fast i himmelen.»

Guds Ånd talar til deg og meg i dag

Johann Albrecht Bengel (1687-1752): «Skriften er inspirert på guddommeleg vis, ikkje berre slik at Gud inspirerte forfattarane då den vart skriven, men også slik at Gud inspirerer ved Skrifta, idet den vert lesen, og slik at Skrifta ånder av Han. Derfor er den så «nyttig».

Bibelkritikken


Job 13:7-8 «Vil de verja Gud med urett tale? Vil de tala svikeyfullt til forsvar for han? Vil de halda med han, eller vil de vera sakførarar for Gud?»



JESUS - VÅR AUTORITET I BIBELSYNET

Joh 5:46-47 «For hadde de trudd Moses, hadde de òg trudd meg, for det er om meg han har skrive. Men når de ikkje trur skriftene hans, korleis kan de då tru orda mine?»

Matt 5:18 «Sanneleg, eg seier dykk: Før himmel og jord forgår, skal ikkje den minste bokstav eller ein einaste prikk i lova forgå – før alt har hendt».



Det er ved sitt ord og ved sin Ande at Gud skapar og gjev åndeleg liv.

Rom 10:17 «Så kjem då trua av forkynninga som ein høyrer, og forkynninga som ein høyrer, kjem ved Kristi ord.»

Bibelen gjev oss tydelege formaningar om å dele det vi har fått:

Kol 3:16 «Lat Kristi ord bu rikeleg mellom dykk, så de lærer og formanar kvarandre i all visdom med salmar og lovsongar og åndelege viser og syng for Gud med takksemd i hjarto dykkar».

Derfor er det så avgjerande viktig at du deler det du har fått.

1.Kor 14:26 «Korleis er det då, brør? Når de kjem saman, då har kvar av dykk ein salme, ein lærdom, ei openberring, ei tunge eller ei tyding: Lat alt vera til oppbygging».

Sal 119:89: «Til evig tid, Herre, står ditt ord fast i himmelen.»

